

**www.fjordingen.no**

Telefon: 57 87 45 00

Opningstid: 8.30–15.30, måndag–fredag  
Utgjevingsdager: Tysdag og fredag**PFU**Fjordingen vil rette seg etter reglane for god presseskikk, slik dei er nedfelt i pressa sin «Ver Varsam»-plakat.  
Den som meiner seg råka av urettmessig avisomtale, vert beden om å kontakte redaktøren.Det er også høve å reise klage for Pressens Faglige Utvalg,  
Rådhusgt. 17, postboks 46, Sentrum, 0101 Oslo, tlf. 22 40 50 40

**Feirar med storfilm:** Når Aldaheim skal feirast, blir det med ein storfilm om Olden siste 100 år. Frå venstre Jogeir M. Agjeld, Steinar Hilde, Jarle Skåre, Anne-Toril Vangberg, Berit Melheim, Margunn Skarstein, Aage Eide og Jan Atle Vangberg. FOTO: PRIVAT

# Feirar 100 år med storfilm

Aldaheim fyller 100 år ved juletider. Olden Ungdomslag feirar storhendinga med å lage film om kvar dag og fest i Olden dei siste 100 åra.

**Sigrid Heggestad**  
sigrid.heggestad@fjordingen.no

Ungdomshuset i Olden er mellom dei eldste i fylket, og utmerkar seg med å stadig vere i aktiv bruk og i god stand.

- Dette er ein jubilant det verkeleg er grunn til å feire. Det vil vi gjere skikkeleg. Aldaheim er bygda sitt hus. Les vi historia, er det til å bli imponeert over kva rolle Aldaheim har spelt for Olden oppgjen-

nom tidene. Å få reist dette flotte bygget må ha kravd store ressursar den gongen det skjedde, så berre ut frå det forstår vi kor viktig huset må ha vore, seier Anne-Toril Vangberg i ei pressemelding. På vegne av ungdomslaget held ho i trådane i jubileumsfilmen komiteen.

#### – Her starta mykje

Historia om Singer sine velgjeringar i distriktet startar på mange vis med Aldaheim.

Han sytte for at huset var gjeldfritt då det vart opna, og det var før han gav gåver til sjukhus og veg. Seinare har fleire lag og organisasjonar blitt skipa innom veggane i ungdomshuset, og vakse seg store og livskraftige. Og her har folk møttest, og seinare feira bryllaup og livets gang vidare.

Slik sett er oldesamfunnet og Aldaheim sine historier vevne tett saman.

- Det er ingen tvil om at vi også feirar Olden når vi skal feire Aldaheim. Hendingane innanfor og utanfor veggane på dette huset er dei mest gjennomgripande endringane i samfunnet nokon gong. Dei siste 100 år er på alle vis den mest historisk interessante perioden gjennom tidene, og vi er veldig glade for å kunne formidle det, seier Jogeir M. Agjeld i Olden ungdomslag.

Her vert kvardagsliv og høgtid, næringsutvikling, kommunikasjoner, naturkatastrofer, turisme og lukkelege stunder. Kort sagt eit tverrsnitt av alt som har hendt.

#### Har mykje, treng meir

For å lage ein historisk film

trengst det mykje råstoff. Både bilet, film og lyd. Komiteen er godt i gang med innsamlinga.

- På enkelte område har vi bra med råstoff tilgjengeleg. På andre ting har vi lite, så vi treng meir hjelpe av bygdefolket. Mellom anna gjeld det ombyggingar og innandørsbilde frå Aldaheim, og også generelle bilde frå dei første tidene. Der kan også vere ting vi ikkje har tenkt over. Kan hende er der folk som har ting vi ikkje veit om, som kan kome vel med, seier Jan Atle Vangberg i filmgruppa.

Folk har kanskje ting av interesse må gjerne kontakte komiteen direkte.

#### Profesjonell produksjon

Filmen skal produserast av Filmdigitalisering i Innvik, som har fleire slike historiske

filmar på si merittliste.

- Men dette er den til no klart største produksjonen, smiler Steinar Hilde. Han er strålende nøgd med samarbeidet med Olden Ungdomslag og den engasjerte filmkomiteen, og svarer med å toppe laget med å trekke inn sterke medhjelparar på produksjonssida.

- Steinar har bygd opp eit unikt studio og ein uslåeleg kompetanse på det å ta vare på gammal film. Det sikrar at materialet som vi får låne vert handert på beste vis. Dei som har bidrag til Oldefilmen, kan samstundes få digitalisert materialet dei kjem med, nemner Anne-Toril Vangberg i pressemeldinga frå ungdomslaget.

Den ferdige filmen vert vist i Aldaheim i november.

## REDAKSJON

redaksjon@fjordingen.no

Ansvarleg redaktør/dagleg leiar  
Bengt Flaten  
Tlf 57 87 45 01 / 90 20 12 30  
bengt.flaten@fjordingen.no

Redaksjonssjef Hans Holmøyvik  
Tlf 57 87 45 07 / 41 62 51 25  
hans.holmoyvik@fjordingen.no

Journalist Gunnhild Sindre  
Tlf 57 87 45 08 / 90 05 59 56  
gunnhild.sindre@fjordingen.no

Journalist Sigrid Heggestad  
Tlf 57 87 45 06 / 95 93 71 50  
sigrid.heggestad@fjordingen.no

Journalist Roy Aron Myklebust  
Tlf 57 87 45 05 / 90 58 14 78  
royaron.myklebust@fjordingen.no

Journalist Roger Oldeide  
Tlf 57 87 45 10 / 98 24 46 35  
roger.oldeide@fjordingen.no

Journalist Thomas Thaule  
Tlf 57 87 45 07 / 91 84 87 97  
thomas.thaule@fjordingen.no

## MARKNADSAVDELING

annonse@fjordingen.no

Marknadssjef Ove André Aarskog  
Tlf 57 87 45 02 / 91 86 20 02  
ove.andre.aarskog@fjordingen.no

Marknadskonsulent  
Elisabet Sandbakk Lunde  
Tlf 57 87 45 09 / 48 15 71 69

Sekretær Mariann Nedre-Flo  
Tlf. 57 87 45 00

Grafiker Olaug T. Aarøen, tlf 57 87 45 11  
Grafiker Unni Skåre, tlf 57 87 45 12

**FJORDINGEN**

Adr: Postboks 248, 6781 Stryn  
Besøksadresse: Myrane 7, Stryn

**Sentralbord tlf. 57 87 45 00**

**ABONNEMENT**  
abonnement@fjordingen.no

Annonse- og abonnementsprisar sjå  
[www.fjordingen.no](http://www.fjordingen.no)  
eller kontakt oss på tlf. 57 87 45 00